

## Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Åsmund Berthelsen (SV), sette fram slikt tilleggsforslag på vegner av A, Sp, KrF, MDG og SV:

### «Tilleggstekst mellom 3. avsnitt og 4. avsnitt i pkt. 1:

Den vidaregåande opplæringa skal legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjølve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking, utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring.

Strategien skal innehalde eit system/metode for å stimulere til utvikling og forbetring og vurdering av kvaliteten.

### Tillegg steg 3:

Samt relevans for næringslivet i regionen og som grunnlag for vidare utdanning/studiar

### Endre siste setningen i samandrag til:

Arbeidet med å etablere mål og strategiar skal munne ut i prioriterte tiltak for å oppnå ei heilskapleg opplæring i tråd med kriteriane for kvalitet, nemnt i steg 1.»

**John Andre Kongsvik (H)** sette fram slikt forslag på vegne av FrP og H:

«Forslag til PS1/20:

Endre kulepunkt 3 under steg 1:

Læring, mestring og gjennomføring.»

**Jeanette Syversen ( R )** sette fram slikt forslag:

«Endring steg 1, Trivsel, psykososial helse og inkluderande felleskap

Tillegg steg 3. Utviklingen av strategi for den vidaregåande skolen/opplæringa, skal vise korleis ein sikrar tett dialog mellom rettleingstenesta og den enkelte skulen for å sikre gode tiltak som sikrer forebygging av seksuell trakassering og mobbing.»

## Avrøysting

Prosjektleiaren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Kongsvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag kva gjaldt «Endring steg 1» vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag kva gjaldt «Tillegg steg 3» fekk fire røyster ( R, FrP, FNB og KrF) og fall.

## Vedtak

1. Det vert sett i gang arbeid med mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland for perioden 2020-2024 med følgjande mandat:

Arbeidet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland. Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert og forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland.

Tilsette, elevar og lærlingar si involvering i arbeidet er ein føresetnad for gje retning for den vidaregåande opplæringa.

Den vidaregåande opplæringa skal legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjølve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking, utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring.

Strategien skal innehalde eit system/metode for å stimulere til utvikling og forbetring og vurdering av kvaliteten.

Arbeidet med å etablere mål og strategiar skal munne ut i prioriterte tiltak for å oppnå ei heilskapleg opplæring i tråd med kriteriane for kvalitet, nemnt i steg 1.»

**Steg 1:** Etablere **kjenneteikn for kvalitet** på opplæringa. Kjenneteikna skal ta utgangspunkt i tre område:

- o trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap
- o lærelyst og motivasjon
- o læring, meistring og gjennomføring

Kjenneteikna skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar som skal bidra til å sette elevar og lærlingar i stand til å møte livet fagleg og sosialt.

**Steg 2:** Samanfatte no-situasjonen for opplæring- og kompetansesektoren med utgangspunkt i forskning, statistikk, erfaring og etablerte kvalitet- og styringsdokument. No-situasjonen skal peike på styrkar og utfordringar for den vidaregåande opplæringa i Vestland.

**Steg 3:** Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Strategiane skal fremje god kvalitet, jf. kriteriesettet. Strategien skal synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Samt relevans for næringslivet i regionen og som grunnlag for vidare utdanning/studiar

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse er styringsgruppe for arbeidet, og fylkesdirektør for opplæring og kompetanse drøftar vegval undervegs med styringsgruppa.

3. Fylkesdirektør for opplæring skal legge til rette for brei medverknad i arbeidet.

4. Arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring startar parallelt med å etablere den regionale planstrategien for 2020 - 2024. Føringane i planstrategiarbeidet er førande for sektoren sitt mål og strategiarbeid

5. Prosessen med å utarbeide ny budsjettmodell for sektoren må innrettast i samsvar med prosessen for mål og strategiar

6. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland skal leggjast fram for fylkestinget handsaming i september 2020.

7. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesrådmannen utarbeider ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.